

NKSF står som den formelle arrangøren av songarstemna i Sogn og Fjordane. Det er det lokale koret som står for den praktiske gjennomføringa av stemna. Koret står fritt til å arrangere stemna etter sine lokale særpreg, og ut frå tilhøva som er på staden, om ikkje anna er avtalt.

Kort oversikt over handboka

| | |
|-----------------|---|
| Oktober | Reservere overnatting |
| November | Dialogmøte for gjennomgang av stemnehandbok |
| Desember | Invitasjon til kora |
| Januar | Økonomi, fordeling av kor, fristar, fellessongar |
| Februar | Mat |
| Mars | Informasjonsbrev til kora |
| April | Stemneprogram, kart, konsertar, marknadsføring, konsertrepertoar |
| Mai/juni | Konsertleing, informasjonsmøte, øvingsrom, opning og avslutning av stemne, medaljeutdeling. |

Fordeling av arbeidsoppgåver mellom NKSF og arrangørkor i samband med stemne.

Fargekode: **ARRANGØRKOR** NKSF

| | |
|-----------------|---|
| Oktober | <p>Reservere overnatting Det er viktig å vere tidleg ute med å reservere overnatting. Arrangørkora rår over fordeling av overnattingsstadane om ikkje anna er avtalt.</p> |
| November | NKSF inviterer arr.kora til gjennomgang av stemnehandboka. All korrespondanse vidare på epost skal gå med kopi til leiar i NKSF. |
| Desember | <p>Invitasjon NKSF sender ut invitasjon til kora innan 1. desember med info om reglane for påmelding. Det skal vere informert om stad og tidspunkt for stemna. Be om attendemelding i prioritert rekkefølje koret vil delta på innan 15.jan.</p> |
| Januar | <p>Økonomi Stemneavgifta er fastlagt til kr. 200.- pr songar. Ikkje medl. i NKF kr 300.- Dirigentar og arr.kor betalar ikkje stemneavgift. Fordelinga av stemneavgifta er: 75% til NKSF og 25% til arrangørkoret. Det er bindande påmelding og stemneavgifta vert ikkje refundert etter 15.feb. Eventuelle avmeldingar skal skje skriftleg til arrangørkoret.</p> <p>Arrangørkoret sende ut eit velkomstbrev til dei kora som har fått tildelt plass på stemnet med ein faktura for stemneavgifta. Vilkår for refusjon skal vere med i brevet. Program og faktura for stemnet skal vere utsendt til deltakarkora innan 31.januar. <i>Leiarane i kora har ved påmelding ansvaret for at reglane i stemnehandboka vert haldne og syne respekt for arrangørkora og NKSF sitt arbeid.</i></p> <p>Andre inntekter er det arrangørkoret som skal ha. Til dømes mat/kiosksal, konsertbilletter, festmiddag, annonsering, sponing og liknande.</p> <p>Fordeling av kora til sangarstemna og frist for avmelding Styret i NKSF fordeler kora på stemna og informerer kora snarast. Om det vert kniving om plassane, vert dei fordelt med loddtrekking. Maks 13 kor pr stemne. Deltakarkora har frist til 1.februar for å melde avbud, ellers må stemneavgifta betalast i si heilheit. Eventuelle ledige plassar kan tilbydast kor utanfrå.</p> <p>Faste fellesnummer Sogn og Fjordane songen, Why we sing, Hymne og Fagert er landet skal framførast under</p> |

| | |
|-----------------|---|
| | <p>stemnet. Vårt forslag er Sogn og Fjordane songen og Why we sing på opningen. Hymne avsluttar lørdagskonserten. Fagert er landet avsluttar heile stemne.</p> <p>MSU har ansvar for å sende ut og skaffe dirigentar og pianistar til fellessongane.</p> |
| Februar | <p>Mat Planlegg festmiddagen tidleg med kvar den skal vere og kva mat de vil servere. Lag ei fin ramme rundt festmiddagen på laurdags kvelden. Her står arrangørkoret fritt i høve kva for underholdning dei vil ha. Kjente korsongar skapar stemming!</p> <p>Matsal/kiosksal er ei god inntektskjelde for koret. Tenk nøye over kva tid det er mest behov for matsal. Mellom anna er det viktig at deltakarane får høve til å kjøpe mat når dei kjem og før dei må reise heim (etter konsertane på søndag).</p> |
| Mars | <p>Informasjonsbrev Arrangørkora må sende ut eit informasjonsbrev med endeleg program, tidspunkt og detaljerte opplysningar om prisar på festmiddag/middag søndag og matservering med frist for bindande påmelding og betalingsfrist.</p> <p>NKSF har kontinuerleg kontakt med stemnearrangørane fram mot stemnet.</p> |
| April | <p>Stemneprogram Trykk opp stemneprogram til alle deltakar på stemnet. I eit slikt program kan ein presentere seg sjølv, bygda si og ta med ulike helsingar, t.d. ei helsing frå leiaren i NKSF. I tillegg må dette programmet innehalde konsertprogrammet med tid og stad for konsertar og tekstane til dei fire fellessongane. Sal av annonsar i programmet gir ei god inntekt.</p> <p>Kart Det er viktig at arrangørane sender kora som skal delta eit kart som viser kvar dei ulike arrangementa skal føregå. Kora må og få informasjon om kor langt overnattingsplassane ligg frå staden der konsertar og anna skal føregå.</p> <p>Konsertar Det skal vere minst to konsertar – ein sakral og ein profan konsert. Det er opp til arrangørkora å setje opp ulike konsertar alt etter kva konsertlokale dei har til rådvelde. Arr. koret kan lage til eller oppmode kor om å synge på songarhjørnet, institusjonskonsert o.s.v. Kora skal skrive ein kort presentasjon av seg sjølve, til bruk under profankonserten.</p> <p>På konsertane må ein ha tilgang på piano, mikrofon til konfransieren og eventuelt til solistar.</p> <p>Marknadsføring For å skape blest om stemnet er det viktig å marknadsføre for å nå publikum – lag plakatar, lag facebook arrangement, kontakt media.</p> <p>Konsertrepertoar NKSF sender ut eit skjema til kora der dei melder inn sitt konsertrepertoar. Maks 2 songar pr. kor pr. konsert. På mindre stemne kan dette justerast, etter avtale med arrangøren. Kora sender attende skjemaet til MSU innan 1.april. MSU/arrangørkoret samordnar programmet slik at ikkje fleire kor kjem med same songnummer/arrangement på stemnet. Kora må vere budd på å skifte songnummer dersom fleire kor har same songar. Kora må gi beskjed om dei treng utstyr til sine framføringar.</p> |
| Mai/Juni | <p>Konsertleiing Kora står sjølvsgatt fritt til å skaffe eigne konsertleiarar. Dersom arrangørkora ynskjer det kan ein representant frå NKSF stille som konsertleiar under stemnet. Kontakt då NKSF i god tid om når konsertleiinga er aktuell.</p> <p>Informasjonsmøte Meininga med dette møtet er at alle dirigentane eller ein annan representant for kora skal kome saman før stemnestart og få felles info frå arrangøren.</p> |

| | |
|--|--|
| | <p>Øvingsrom Oversikt over øvingsrom og tidspunkt for kora før begge konsertane.</p> |
| | <p>Opning av stemnet Ein representant frå NKSF står for den offisielle opninga av songarstemnet. Det er naturleg at arrangørkoret ynskjer velkomen til stemnet.</p> <p>Medaljeutdeling Medaljeutdeling skjer under profankonserten. Dette er det NKSF som tek seg av.</p> <p>Avslutning av songarstemnet Etter konsertane, blomsterhelsingar og takk frå NKSF avsluttar vi stemnet med fellessangen "Fagert er landet".</p> |

Lykke til og takk for at de har teke på dykk dette stemnet!

Retningslinjer for påmelding til stemnene.

- a)
1. Skriftleg påmelding via NKSF sine heimesider
 2. Kora melder på stemne plass i prioritert rekkjefølje
 3. Dersom kor av ulike grunnar ikkje kan delta alle stemnestadane vert dette grunngjeve i eige skriv til leiar.
- b) NKSF fordeler kora. Dersom ein stemnestad har mange søkjarar vert dei som har prioritert skriftleg plasserte, deretter vert det loddtrekning.

Tips til stemneprogram

Stemnehefte: Lat firma kjøpe annonser i heftet. Lag kart over stemnestaden, i stemneprogrammet skal teksten til fellessongane vere, velkomenhelsing frå arr.kor, NKSF leiar og ordførar. Oppsett på dei to konsertane.

Programinnhald forslag, rekkefølge bestemmer arr.kor.

Fredag:

- Stemnekontoret opnar
- Bli kjent kveld m/måltid

Laurdag:

- Stemnekontoret opnar
- Møte mellom korleiarane, dirigentar og arr.kor
- Fellesøving på fellessongane
- Øving for kora (øvingsrom)
- Lunsj
- Songartog
- Offisiell opning med arr.kor, ordførar og tilslutt NKSF som opnar offisielt. Songane «**Sogn og Fjordane songen**» og «**Why we sing**».
- Songarhjørne
- Fellessongen «**Hymne**» avsluttar sakral-konserten eller profan-konserten laurdagen.
- Songarfest

Sundag:

- Songarhjørne
- Lunsj
- Sakral eller profan konsert
- NKSF avsluttar stemnet
- Fellessongen «**Fagert er landet**» avsluttar stemne

RAPPORT FRÅ SONGARSTEMNE (årstal)

Oppsummering:

| | |
|--|--|
| Tid | |
| Stad | |
| Arrangør | |
| Antall deltakarar inklusiv arr.kor m/dirigentar | |

Utrekning av Stemneavgifta.

| | | |
|----------------------------------|----------------------|--------------------------------|
| Stemneavgift kr 200 X | = kr | |
| Stemneavgift kr 300 X | = kr | |
| 75 % av stemneavgifta er: | = kr | |
| | Overført NKSF | Til konto 3720 07 94606 |

Korleis gjekk det:

Kva kunne vore gjort annleis:

Tips til neste arrangør:
